

**Lærer: Ruth Helgestad****Læreverk: Multi**

Læreverket Multi for 2. klasse består av tre bøker, to grunnbøker og ei oppgåvebok. Grunnbøkene 2A og 2B inneheld presentasjon av nytt stoff og oppgåver av ulik vanskegrad. Etter kvart kap. er det ei prøve for å sjå om elevane har tileigna seg det nye stoffet. I oppgåveboka er det stort sett same oppgåvetypar som i grunnboka. vi kjem stort sett å jobbe med grunnboka på skulen og oppgåveboka som leksebok. I både GB og OB vert oppgåvene vanskelegare utover i kapitlet. Det er ikkje meiningen at elevane skal gjere alle oppgåvene i oppgåveboka, men me kan plukke ut det dei treng å jobbe litt meir med.

I tillegg til bøkene vert det praktiske oppgåver, oppgåver på data, spel og matteleikar.

**Vurdering:**

Jostedal skule har vore med i den nasjonale satsinga "Vurdering for læring" som vart sett i gang i 2009. Vurdering FOR læring legg vekt på kva ein skal LÆRE, og ikkje berre kva ein skal GJERE, noko som er ganske krevjande i seg sjølv. Metodar som gjer trening i å vere medveten om eigen læringsprosess og å ta ansvar for denne sjølv, står sentralt. Teknikkar me nyttar er t.d. kameratvurdering, eigenvurdering, modellering (av lærar eller ved å sjå andre elevarbeid), trafikklys, utviklingssamtalar, utvikling av felles kriterium før eit arbeid m.m.

Skriftlege vurderingar som vert sendt heim eller på anna måte vert synleg for dei heime:

- Kartleggingsprøver (frå Utdanningsdirektoratet og M-prøvene)
- Prøver etter kvart kapittel
- IUP i Fronter (i forkant av elev-/foreldresamtalane haust og vår)

Berre ta kontakt ved spørsmål!

Ruth, matematikkfagleg ansvarleg for 2.klasse (mob: 91363649)



## ÅRSPLAN MATEMATIKK 2.TRINN

TEMA & LÆRINGSMÅL	Multi Grunnbok og oppgåvebok	PROSJEKT/ TVERRFAGLEG
<p><b>N O V</b> <b>Kap. 5 Tala til 100.</b> Elevane skal kunne dele i einarar og tiarar. Dei skal kunne telje med ti og ti og vite at det er ti einarar i ein tiar. Elevane skal kunne telje forlengs og baklengs. Dei skal kunne vite forskjellen på tal og siffer. Dei skal kunne dele eit tal i einarar og tiarar og sette saman tiarar og einarar til tal. Elevane skal kunne plassere tal på tallinja. Dei skal kunne rekne med pengar.</p>	<p>Grunnboka 2A side 78 - 101 Oppgåveboka 2 side 36- 47</p>	<p>Tom telys (telysjakta): Me samlar inn tomme Telyshaldarar og øver på å telje dei. Kanskje får me fleire hundre - korleis er det lurt å telje når me får så store tal?</p>
<p><b>D S E</b> Avslutte arbeidet med kap. 5</p> <p><b>Kap. 6 Pluss og minus</b> I dette kapittelet arbeider elevane med addisjon og subtraksjon av ein- og tosifra ta. Dei skal kunne både addisjon og subtraksjon med tiar overgang. Elevane skal få døme på oppstilling av rekne oppgåver, med det er mest fokus på hovudrekning.</p>	<p>Grunnboka 2A side 78 - 101 Oppgåveboka 2 side 36- 47</p> <p>Grunnboka 2A side 102 - 115 Oppgåveboka 2 side 48- 57</p>	
<b>JULEFERIE</b>		
<p><b>J A N</b> <b>Kap.7 Tid</b> Elevane lærer omgrep for tid, som månader, årstider og vekedagar. Dei skal øve på månadane, rekkjefølge på dei og kor mange dagar i kvar månad. og vite dei fire årstidene. Elevane skal kunne ordenstala opp til 12. Elevane skal kunne heile og halve timar på analog klokke</p> <p><b>Kap. 8 Symetri</b> Elevane skal lære å kjenne att todimensjonale figurar og finne symetrilinja i desse. Dei skal også lage symetriske mønster og figurar.</p>	<p>Grunnboka 2A side 116 - 128 Oppgåveboka 2 side 58- 63</p> <p>Grunnboka 2B side 2 - 13 Oppgåveboka 2 side 64 - 67</p>	
<p><b>F E B</b> <b>Kap. 9 Dobbling og halvering - partal og oddetal</b> Elevane skal lære om dobling og halvering i samband med kor mange, lengder og pengebeløp. Dei skal og kunne doble og halvere ved symetri. Elevane skal lære kva som er partal og kva som er oddetal. finne ut om det er partal eller oddetal ved å dele på to.</p>	<p>Grunnboka 2B side 14 - 35 Oppgåveboka 2 side 68 - 77</p>	
<b>VINTERFERIE</b>		
<p><b>v 8 F E B</b> <b>Kap. 10 Rekning til 100</b> Repetisjon av tala til 100 og addisjon og subtraksjon med tosifra tal. Elevane skal kunne dele tal i einarar og tiarar. Plassere tal på tal linja. Rekne med peng, Elevane skal kunne hoppe framover og bakover på tal linja med 2, 5 eller 10 om gongen.</p>	<p>Grunnboka 2B side 36 - 65 Oppgåveboka 2 side 78 - 89</p>	
<p><b>M A R S</b> <b>Kap. 11 Areal</b> Her skal elevane lære å samanlikne storleiken på ulike flater, Dei skal bruke uformelle måleiningar som til dømes ruter. Dei skal vite at flater kan ha same areal om dei har ulik form.</p>	<p>Grunnboka 2B side 66- 79 Oppgåveboka 2 side 90- 93</p>	

ÅRSPLAN MATEMATIKK 2.TRINN

TEMA & LÆRINGSMÅL

Multi

PROSJEKT/  
TVERRFAGLEG

Grunnbok og oppgåvebok

TVERRFAGLEG

v16

PÅSKEFERIE

Elevane skal lese og forstå tekstoppgåver og sjå på rekning i daglegdagse situasjonar. Elevane skal kunne bygge og dele opp tal i einarar og tiarar. Dei lærer addisjon og subtraksjon med to sifra tal med og utan tiarovergong.

Grunnboka 2B side 80 - 107  
Oppgåveboka 2 side 94 - 109

M  
A  
I

Avslutte arbeidet med kap. 12

Grunnboka 2B side 80 - 107  
Oppgåveboka 2 side 94 - 109

**Kap. 13 Mangekantar og sirklar**

Elevane skal lære om geometriske figurar, som sirklar, tre-, fire-, fem- og sekskantar. Dei skal kunne kor mange hjørner, kantar og sider dei ulike figurane har. Elevane skal lage geometriske mønster og kjenne att og teikne geometriske former.

Grunnboka 2B side 108 - 119  
Oppgåveboka 2 side 110 - 113

J  
U  
N  
I

**Kap. 14 Romlege former**

Elevane skal lære å kjenne att og beskrive tredimensjonale figurar som sylinder, prisme, kule og pyramide. Dei skal kunne korleis desse objekta er bygde opp av todimensjonale flater. Elevane skal kunne kjenne att desse objekta frå bilete.

Grunnboka 2B side 120 - 128  
Oppgåveboka 2 side 114 - 120

v25-32

SOMMARFERIE